



Arkivnr: 2019/1396-3

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Refinansiering av sertifikatlån 390 mill. kr

Samandrag

Eit sertifikatlån på 390 mill. kr har forfall 15. mars. Lånet vert refinansiert med eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av SEB Merchant Banking.

Vedtak

Lån på 390 mill. kr vert refinansiert med eit 12-månaders sertifikatlån, tilrettelagt av SEB Merchant Banking. Renta er 1,440 % fram til 13.03.2020.

Ingrid Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand
kst. fylkesdirektør øk.- og org.

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 11.03.2019

Eit sertifikatlån på 390 mill. kr har forfall 15. mars. Renta har vore 1,10 % siste 12 månedene.

Pr. dags dato har 52,1 % av fylkeskommunen sin låneportefølje rente som er bunden i meir enn 1 år. I følgje finansreglementet skal mellom 40 % og 60 % av porteføljen ha bunden rente. Det er dermed ikkje behov for å gjere noko endring i rentebinding slik situasjonen er i dag.

Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit nytt 12-månaders sertifikatlån. Det er venta at renta vil gå opp i løpet av året. Det kan då vere greitt å ha nokre lån der renta ligg fast i inneverande år, sjølv om ein ikkje bind renta for fleire år framover.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunde for fylkeskommunen. Det har kome inn følgjande tilbod:

| | nominell rente |
|----------------------|----------------|
| SEB Merchant Banking | 1,440 % |
| DNB Markets | 1,450 % |
| Danske Bank Markets | 1,450 % |
| Swedbank | 1,450 % |
| Sparebank 1 Markets | 1,460 % |
| Nordea Markets | 1,490 % |
| Kommunalbanken | 1,522 % |

Fylkesrådmannen aksepterer tilbodet frå SEB Merchant Banking.